

Fylkesmannen skeptisk til Holmen-planen

25.01.2016

Fylkesmannen har no fremma motsegn mot detaljreguleringsplanen for Holmen naustområde slik den føreligg. Planen går ut på at det byggjast 10 nye naust på austsida av holmen, Den ligg no til offentleg ettersyn med 29. januar som høyringsfrist, Det ligg ikkje føre motsegn frå andre statsetatar mot planen. Fylkesmannen peikjar på at planen legg opp til utbyggjing i strid med kommunedelplanen og andre interesser i strandsona. Fylkesmannen finn at køyreveg 1, parkeringsplass og gangvegane må takast ut, Difor fremjar han detaljreguleringsplan.



Planen for dette området må barberast hvis han skal verta reslisert

Planen legg til rette for to naustområde og framfor dei er det regulert kai og hamneområde i sjø som opnar for 5 flytebrygger, kvar med plass for 4 båtar. Det er regulert 2 område for parkering og parkeringsdekninga er sett til ein parkeringsplass per naust, Det er regulert gangvegar fram till begge naustområde.

Fylkesmannen er nøgd med at nausta skal oppførast som tradisjonelle naust med grunnflate på inntil 40 kvadratmeter og ein maksimal mønehøgde på 5 meter, Likevel meiner han at planen burde vore meir presis når det gjeld utforming og utsjåhad på nausta, Føresegne kunne også med fordel ha uttrykt at naust er bygninger for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereidskap for å presisere at naust ikkje skal omdisponerast eller nyttast som fritidshus.

Fylkesmannen stillar seg kritisk til eventuell parkering i strandsona og tilrår at parkering vert regulert i tilknytning til eksisterande veg Det er ikkje naudsynt med veg heilt fram til nausta. Kommuneplanen opnar ikkje for tiltak i sjø. Fylkesmannen legg til grunn at dette vert følgt opp i det vidare planarbeid.

Fylkesmannen er kritisk til den strandsoneforvaltning som det vert lagt opp tii i planen og kan ikkje sjå at det er teke omsyn til dei tidlegare fråsegnane som han har kome med. Planområdet har kvalitetar som Fylkesmannen skal ivareta, som landskap og friluftsliv. Han kritiserer mellom anna at gangvegane vil gje dominerande fyllingar og han er kritisk til plasseringen av parkeringsplass med tilhøyrande gangveg, Fylkesmannen meiner det er mogeleg å lage ein plan utan så omfattande inngrep i strandsona. Den planlagde utbygginga stirr mot nasjonale føringer for denne sona. Hvis motsega ikkje vert akseptert ligg det an for mekling,

Tekst foto og nett:

Ola Matti Mathisen